



Hardangerviddatunnelene AS
Orgnr. 999178 812

Årsmelding 2025

1. Organisering

Hardangerviddatunnelene AS har forretningsadressa Eidfjord kommune, og kontoradressa Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (Eidfjord kommunehus).

«Selskapet har som hovedformål å arbeide for å realisere miljøtunneler over Hardangervidda.

Tunneler vil gi sikker helårsvei øst-vest, åpne arealkorridorer for villreinen sør-nord og sikre totalberedskapen mellom Vestlandet og Østlandet. «

Selskapet har etter ordinær Generalforsamlinga 10. juni 2025 og Ekstraordinær generalforsamling 03. desember slik styresamansetjing:

Styreleiar	Petter Rukke	Personleg vara	Sissel Hovland
Nestleiar	Kari Læg Reid	Personleg vara	Anett Vivel
Styremedlem	Jon-Andreas Kolderup	Personleg vara	Line T. Sperrevik Persson
Styremedlem	Timo Knoch	Personleg vara	Bjørn Læg Reid
Styremedlem	Jens Olav Holven	Personleg vara	Roald Aga Haug
Styremedlem	Solveig Vestenfor til 02.12.2025	Personleg vara	Oddvar Svendsen
Styremedlem	Jørund Li frå 02.12.2025	Personleg vara	Oddvar Svendsen
Styremedlem	Einar Lutro	Personleg vara	Finn Arne Sundbren
Valkomite:	Valkomite for 2026 er Hanne Haatuft og Anders Vatle.		
Dagleg leiar	Leiv A Vambheim i 30 % stilling.		

2. Aksjonærversikt

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 100.000, fordelt på 100 aksjar pålydande kr. 1000. Aksjekapitalen er fullt innbetalt.

Aksjonærliste per. 31.12.2023

Navn:	Org.nr:	Antall aksjer:	Pålydende:	Beløp:
Hol kommune	971 030 607	40	1 000	40 000
Eidfjord kommune	944 227 121	40	1 000	40 000
Ullensvang kommune	920 500 633	5	1 000	5 000
Ål kommune	864 952 992	5	1 000	5 000
Nore og Uvdal kommune	964 950 946	5	1 000	5 000
Ulvik herad	971 159 928	5	1 000	5 000
Sum		100		100 000

3. Styret sitt arbeid.

Det har halde 5 styremøte og registrert 36 styresaker. Det har vore godt aktivitetsnivå i meldingsåret, og styret sine medlemmer har bidrege nyttig til selskapet sin aktivitet og merksemd i relevante fora.

Nokre formelle og praktiske saker som styret og administrasjonen har jobba med i 2025, er:

- Budsjett, regnskap og jamnleg økonomirapportering.
- Informasjon på Heimesida www.hardangerviddatunnelene.no og Facebooksida «Ja til Rv 7 som stamveg». Samarbeid med Browse as i Ål
- Støtta reklame på Tur-refleksvest til 2. klasse i Eidfjord via Trafikkland as.
- Fått laga Postkort med 3 ulike motiv som alterantiv til informasjonsbrosjyre. Samarbeid med Kreator i Ål.
- Møte med Samferdselsdepartementet 28.01 i Akersgata
- Deltaking, økonomi og samarbeid i Folkemøte på Geilo 19.mai, arrangert av Støttegruppa.
- Arendalsuka 11.-15. august, Planlegging og deltaking.
- Tenestekjøp hos First House Bergen for 2 arrangement på Vestlandsbåten i Arendalsuka
- Innspel og forslag til tiltaksplan for Villrein på Hardangervidda
- Samspel om eit innlevert Dokument 8 forslag i Stortinget desember.
- Brev til 2 Departement og Transportkomteen på Stortinget med argument for Dyranuttunnel.
- Den ordinære Generalforsamlinga i selskapet vart halde 10. juni.
- Ekstraordinær Generalforsamling var halde 02. desember

4. Selskapet si verksemd.

Aktivitet og rollefordeling.

Leiv Vambheim var tilsett i 30 % midlertidig stilling i 2025. Arbeidsfordelinga er at dagleg leiar administrerer selskapet, og styret er ansvarleg for påverknadsarbeidet. Dagleg leiar og styre føl nøye med kva som rører seg i vegdebattane rundt oss og arbeider med å vera synlege i media og hos styremaktene. Styret er også oppdatert på fokuset på Villreinen på Hardangervidda med tanke på tunnelar.

Arsdøgntrafikkutvikling:

Trafikktala for 2025 viser at trafikken over Rv 7 Hardangervidda aukar og tar no 28 % av trafikken på fjellovergangane aust –vest. Tal for E134 Haukelifjell er 32 % og Rv 52/E 16 Hemsedal/Filefjell er 40%. Sommartrafikken fordeler seg likt mellom desse fjellovergangane. Naturleg nok gir verforholda på Rv 7 Hardangervidda usikre vinteropningar , kolonnekøyring og periodestenging betydeleg trafikkavvising.

Strategiarbeid.

KVU-arbeidet.

Målsetjinga for strategiarbeidet i selskapet har vore å nå inn til sentrale styremakter med konsekvensane av Funksjonsfordelingsvedtaket rv7/rv52 frå 2017, slik at ein kan få KVU for Hardangervidda ut av skuffene i Samferdselsdepartementet. Selskapet fekk i 2022 skuffande svar om K0 (= ingen tiltak) frå Samferdselsdepartementet. Det betyr at Regjeringa ikkje ville satsa på utviklande tiltak for Rv 7 Hardangervidda. I 2024 bad styret om møte med Samferdselsdepartementet om ny vurdering av KVU-vedtaket. Det var lyttemøte i januar 2025.

Fokusområde:

For tunnelar på Hardangervidda hadde selskapet i 2025 fokus på 3 område for Rv 7 Hardangervidda:

- *Framkomlegheit og trafikktryggleik også for Hardangervidda sine trafikantar. Når Lærdalstunnelen nattestengjer kjem hovudtyngda av den trafikken på Rv 7.

- *Villreinen sine levevilkår ved å fritt kryssa på overgangar over tunnelar mellom sentralvidda og nordvidda. Mykje fokus på dette i villreinmeldinga.

- *Beredskapsituasjonen i Noreg. Alternative opne fjellovergangar mellom aust og vest ved stengde vegar.

Departementa som har ansvar for desse områda er samornar seg ikkje:

- *Samferdselsdepartementet: NTP, trafikktryggleik og vinterregularitet.

- *Klima og Miljødepartementet: Villreinforvaltninga og arealdisponering.

- *Kommunaldepartementet: Samfunnstryggleik og levande lokalsamfunn.

- *Næringsdepartementet: Regional utvikling og reiselivssatsing

- *Justisdepartementet: Beredskapsomsyn og krisehandtering.

Tiltaksplan for villrein i 2025:

Dei mange ulike innspela til Tiltaksplanen for villreinen på Hardangervidda, som kom inn til departementet, er alle tydeleg på å byggja tunnelar på Rv 7 Hardangervidda, for å sikra villreinen overgangar mellom sentralvidda og nordvidda. Eit eksempel:

Buskerud Fylkeskommune uttalar til Punkt 5:

«Riksvei 7 utgjør i dag en totalbarriere for villreinens trekk mellom Hardangervidda og Nordfjella. Derfor ber Buskerud fylkeskommune staten prioritere miljøtunneller, med tunnel under Dyranut som den første. Dette vil bidra til å gjenåpne tradisjonelle trekkruoter og frigjøre viktige beiteområder, redusere ferdselsbarriereeffekter, øke trafikksikkerheten og sikre en robust øst–vest-forbindelse med stor samfunnsøkonomisk gevinst. Realisering av slike prosjekter krever samarbeid mellom Klima- og miljø-, Samferdsels- og Energidepartementet. Det bør også vurderes å søke internasjonale bidrag, da tiltaket inngår i arbeidet med å bevare Europas siste villreinbestand.»

Profilering

*Selskapet fremjar: Rv 7 Hardangervidda er Kortaste vegen Oslo-Bergen; Funksjonsfordeling med rv 52; Må verta heilårsopen , vintersikker og trafikksikker; Framkommeleg for heilårs reiseliv og persontransport; Nødvendig avlastningsveg for Sogn; Internasjonal forpliktelse for villreinstamma; Varetransportnæringa treng også heilårsopen trafikksikker veg over Vidda. Viktigaste arbeidet i selskapet var påverknad av dei som bestemmer og løyver midlar : Vegvesen, Fylkeskommunar, Departement og Storting.

*Heimesida www.hardangerviddaunnelene.no . Her legg ein ut informasjon etter som aktuelle ting skjer, eller ein vil planta ut tankar og gode idear. Trafikkstatistikk og kommentarar er viktig her. Ein prøver å sleppa ut nyhende ein gong i månaden. På heimesida er filmen frå Filmprodusentane i Ål lagt ut på framsida. Nyhende vert også viste i Facebook-sida.

*Facebook-profilen «Ja til rv 7 som stamveg» vert administrert av selskapet ved dagleg leiar. Her vert det lagt ut informasjon med jamne mellomrom mest med tilvising til heimesida. Denne profilen er godt besøkt og når om lag 8000 brukarar.

Facebooksida «Kolonnekøyring på Hardangervidda» er også ei aktiv side som svært mange er flinke å bruka. Dette er god profilering av vegen både i godver og i kolonne-/stengingsver. Sida er mest brukt av private. Administrator vil ikkje ha politisk innhald på denne sida. Det nye Brøyteselskapet , Geilo Tomteservice, er svært flink å orientera jamnleg om situasjonen på Hardangervidda.

«Varsler for rv.7 Hardangervidda» er ei side med informasjon og debattar om rv 7 Hardangervidda.. Her er både transportørar og profesjonelle aktørar inne.

*Pressemeldingar prøver ein seg på når ein har noko på hjarta, men det er vanskeleg å få inn omtalar i media.

Støttergruppa Miljøvegen Rv 7

Støttegruppa har i også 2025 arbeidd for å fremja tunnelar på Hardangervidda med kontaktmøter, arrangement og påverknad. Folkemøtet på Geilo 19.mai 2025 samla rundt 200 tilhøyrarar og viktige aktørar som støttar arbeidet med tunnelar på Hardangervidda. Dokument 8:56 -forslaget i Stortinget, levert 27.11.2025 av Høgre, om oppstart av å planleggja tunnelar på Rv 7 Hardangervidda, fekk ikkje fleirtal i 2026.

5. Økonomi

Rekneskapen for 2025 er ført av Alma rekneskap, lokal kontakt i Eidfjord. Denne viser at selskapet har nøktern drift og solid økonomi. Generalforsamlinga i 2016 gav styre fullmakt til å frita selskapet frå revisjon, jf Aksjelova §7-6. Styret vedtok 17.august 2016 å velja bort bruk av revisjon for Hardangerviddatunnelene AS. Rekneskapen vert derfor ikkje revidert.

Driftsinntekter per. 31.12. 2025 er	kr. 1 100 000
Driftskostnader per. 31.12. 2025 er	kr. 1 343 327
Driftsresultat per. 31.12.2025 er	<u>kr. – 243 327</u>
Netto Finansinntekter	<u>kr 58 771</u>
Årsresultat	<u>kr. – 184 556</u>

Hovudinntekta er tilskota frå eigarkommunane/-herada med 1.1 mill kr.

Hovudkostnadane er løn/pensjon, reklamekostnader samt to arrangement: 1 Folkemøtet på Geilo 19.05.2025 og 2. Vestlandsbåten i Arendalsuka med 2 arrangement.

6. Dekning av underskot

Selskapet har i 2025 eit planlagt meirforbruk med årsresultat minus kr 184.552. Dette vert tilrådd dekkja frå annan eigenkapital, som er opparbeidd med tanke på slike ekstra aktivitetar i selskapet.

7. Miljøpåvirkning

Selskapet driv ikke verksemd som forurensar det ytre miljøet.

8. Arbeidsmiljø

Selskapet har dagleg leiar i mellombels 30 % stilling som einaste tilsette i 2025. Arbeidsmiljøet er godt i samspel med styret og styreleiar.

9. Likestilling

Selskapet har 7 valde styremedlemmer, av disse er 2 kvinner og 5 menn fram til 02.12.2025 og 1 kvinner og 6 menn frå 02.12.2025. Varamedlemmene har fordelingen 3 kvinner og 4 menn. Selskapet sin daglege leiar er mann. Hardangerviddatunnelene as er ikkje pålagt kjønnsbalanse i styret, som eit mindre aksjeselskap utanfor krava.

10. Forutsetning for fortsatt drift

Med bakgrunn i selskapet sitt rekneskap og sine målsetjingar, er det grunnlag for vidare drift i selskapet.

Eidfjord den 05.05.2026

Petter Rukke
Styreleiar

Kari Lægreid
Nestleiar/styremedlem

Jon-Andreas Kolderup
Styremedlem

Jens Olav Holven
Styremedlem

Jørund Li
Styremedlem

Timo Knoch
Styremedlem

Einar Lutro
Styremedlem

Leiv A Vambheim
Dagleg leiar